

## **Årsmøte i Hadeland dialekt- og mållag, møtebok**

måndag 12. februar 2018 kl. 1800- kl. 1900, Gran bibliotek, Skolelia 3, Gran.

Til stades: Helge Midttun, Mari Svenbalrud, Else Randi Kvåle, Einar Raastad, Gunvor Kjendlie og Reidun Ramse Sørensen.

Reidun Sørensen ønska vel møtt og opna årsmøtet.

### **Sakliste**

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av ordstyrar, møteskrivar og to til å underskrive møteboka
3. Årsmelding 2017
4. Rekneskap 2017
5. Arbeidsprogram 2018
6. Årspengar 2019
7. Innkomne forslag
8. Budsjett 2019 – orientering
9. Val

#### **1. Godkjenning av innkalling og sakliste**

Foreløpig innkalling med forslag til vedtektsendringar var sendt medlemmene 19. desember 2017. Oppdatert innkalling med vedlegg var sendt 27. januar 2018.

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjent.

#### **2. Val av ordstyrar og møteskrivar**

Vedtak: Ordstyrar: Helge Midttun

Møteskrivar: Reidun R. Sørensen

To til å underskrive møteboka: Else Randi Kvåle og Gunvor Kjendlie

#### **3. Årsmelding 2017**

Styret sitt framlegg til årsmelding for 2017 var sendt ut. Skrivar foreslo eit tillegg om sosiale media, som i det vesentlege vart vedteke. (Vedlegg)

Vedtak: Årsmeldinga er godkjent med dei endringane som kom fram i møtet.

#### **4. Rekneskap 2017**

Resultatrekneskap og balanse var lagt ved oppdatert innkalling. Kasserar Einar Raastad gjorde greie for rekneskapspostane og svara på spørsmål. (Vedlegg)

Revisjonserklæring frå revisor Helge Midttun vart delt ut i møtet. (Vedlegg)

Vedtak: Rekneskapen er godkjent.

#### **5. Arbeidsprogram 2018**

Styret sitt framlegg til arbeidsprogram var sendt ut ved oppdatert innkalling.

Vedtak: Arbeidsprogrammet er godkjent.

#### **6. Årspengar 2019**

Årspengane til Noregs Mållag sentralt er i 2019 sette til kr 290 for hovudmedlemskap, og kr 145 for familiemedlemskap og medlemskap i lag tilslutta Noregs Ungdomslag. Tiltrådd sats for lokallaga er kr 40 for baa.

Vedtak: Årsmøtet vedtek 40 kr som årspengar til lokallaget for 2019, som før.

## 7. Forslag

A Styret foreslo godtgjering kr 500 til kundekontakt Gunvor Kjendlie.

Vedtak: Årsmøtet vedtek godtgjering for 2017 til Gunvor Kjendlie med kr 500.

B Styret foreslo godtgjering kr 5000 for 2017 til kasserar Einar Raastad.

Innstilling: Årsmøtet vedtek godtgjering for 2017 til kasserar Einar Raastad med kr 5000.

Møtet drøfta alternativt forslag om å dekke delar av datakostnader.

Vedtak: Årsmøtet utbetalar ikkje godtgjering til kasserar.

C Styret foreslo endringar i vedtektene §§ 1, 3, 5, 6, og 9.

Med endringane i § 1 vil vi få fram ein tydelegare visjon. I § 3 tek vi inn kven, dvs. kva for roller i styret, som har fullmakt i laget til ei kvar tid. I §§ 5 og 6 senkar vi kravet til styremedlemmer for å lette valkomiteens arbeid. I § 9 endrar vi varslingsstida for vedtektsendringar frå 3 til minst 2 veker, i samsvar med § 3.

(Vedlegg)

Vedtak: Årsmøtet vedtek endringane slik det går fram av dei nye vedtektene.

## 8. Budsjett 2018 - orientering

Årsmøtet fekk ei orientering om budsjettet for Vinje-jubileet 2018 i Gran, som per januar 2018 har omsetning på kr 350400, estimerte billettinntekter kr 99500 og finansieringsbehov kr 250900. Av dette har vi fått lovnader om kr 211000 i tilskot.

Innstilling: Til orientering.

## 9. Val

Valnemnd har vore Else Randi Kvåle, Helge Midttun og Mari Svenbalrud.

Valkomiteens leiar Helge Midttun la fram sin innstilling for årsmøtet. Mari Svenbalrud stilte til val som nestleiar etter Else Randi Kvåle som ikkje tok attval av helsemessige årsaker. Mari var ikkje på val i år, men blei vald som nestleiar for to år, slik at to av fire i styret er på val neste år.

Innstilling, i rekkefølge jf. vedtektene § 5

Rolle	Namn	Valperiode
Leiar	Reidun Ramse Sørensen	1 år
Nestleiar	Mari Svenbalrud	2 år
Skrivar	Reidun Ramse Sørensen	(Ikkje på val)
Kassastyrar	Einar Raastad	2 år
Styremedlem	Torill Nedberge Klevmark	(Ikkje på val)
1. vara	Gunvor Kjendlie	1 år
2. vara	Vemund Viken	1 år
3. vara	Else Randi Kvåle	1 år
Ettersynsmann	Helge Midttun	1 år
To utsendingar til årsmøtet i Austmannalaget	Leiar og nestleiar, dersom nokon av dei ikkje kan, resten av styremedlemmer og varamedlemmer i den rekkefølge dei er vald.	
Utsending til landsmøtet i Noregs Mållag	Leiar, dersom han/ho ikkje kan, resten av styremedlemmer og varamedlemmer i den rekkefølge dei er vald.	
Signatur	To styremedlemmer i fellesskap	
Prokura	Kasserar og leiar kvar for seg	

Styret si innstilling til valnemnd for 1 år:  
Helge Midttun og Else Randi Kvåle.

Vedtak: Som innstillinga.  
Alle vedtak var einstemmige.

Else Randi Kvåle fekk blomar for mange års innsats i styret og for  
hadelandsdialekta.

Jaren, 13. februar 2018

.....  
Reidun Ramse Sørensen, skrivar

.....  
Else Randi Kvåle

.....  
Gunvor Kjendlie